

VESTLANDSK SOMMARSYMFONI

30. JULI – 6. AUGUST 2016

ARBEIDS-/STUDIEPLAN

Arbeidsmåte, organisering m.v. av kurset:

Organisering av arbeidsdagane:

Frukost 0800-0900, undervisning 0900-1245, instruktør/leiar-møte 1245-1300, middag 1300-1500, undervisning 1500-1800, kveldsmat 1800, undervisning/friviljig øving/kammermusikk 1930---.
Småpauser vert lagt inn etter behov.

Det er uråd å sette opp ein låst plan for kvar einskild dag på førehand.

Samansetjing av grupper og orkester:

I år vil vi ha følgjande:

- Stort symfoniorkester
- 1 kammerorkester, strykarar (ca. 20 deltagarar)
- 1 kammerensemble for treblåsarar
- 1 kammerensemble for messingblåsarar
- Mindre kammerensemble for strykarar (fleire grupper)
- Mindre kammerensemble for blåsarar (fleire grupper)

Organisering av arbeidet:

Dagane tek til med gruppevis oppvarming. Første dag brukast til stemmefordeling, gjennomspeling av hovudprogrammet og gruppeøvingar.

Vanlegvis har ein elles gruppeøving og fullt orkester halvparten av kvar økt. Dette vert elles justert frå dag til dag i instruktør-/leiarmøte - det kan ikkje setjast opp ein rigid plan på førehand.

På slutten av kurset vert det lagt meir vekt på samspel i orkester, men det er gruppeprøver alle dagar, noko erfaringar frå tidlegare kurs syner er heilt naudsynt.

Deltakarane får og hove til individuell undervisning. Dette vert gjort ved at dei vert tekne ut av orkestret under ei orkesterøving.

Det vert og lagt stor vekt på samspel i mindre ensemble, frå duor til kammerorkester, og dette vert rekna som ein viktig del av kurset. Ein god del av dette er planlagt på førehand, og vert brukt på konsertane på Eid. Instruktørane er ansvarlege for det organiserte kammermusikkarbeidet, men erfaring syner at det alltid

finst inspirasjon til å danne grupper som arbeider for seg sjølv når det er tid til det. Svært mykje av dette arbeidet går føre seg på kveldstid.
Det vert og lagt inn mest mogleg tid til eigenøving, men like viktig: til nok kvile!

Hovudprogram:

- **César Franck: Symfoni i d-moll**
- **Sergej Rachmaninov: Konsert nr. 3 for klaver og orkester, d-moll, op. 30**
(solist: *Marina Kan Selvik, klaver*)
- **W. A. Mozart: Ouverture til „Figaros bryllup“**

I tillegg vert det sett opp program for kammermusikk.

Konsertar:

Vi planlegg tre konsertar under kurset.

1. Kammerkonsert, Fjordane folkehøgskule, torsdag 4. august.
2. Kyrkjekonsert, Eid kyrkje, fredag 5. august.
3. Avslutningskonsert, Operahuset Nordfjord, laurdag 6. august.

Instruktørar:

Halldis Rønning, kunstnerisk leiar/dirigent

Bjarne Magnus Jensen, m.a. lærar ved Norges musikhøgskole, violin
NN, violin/konsertmesister

Jon Sønstebø, m.a. alt. solo-bratsjist KORK, bratsj

Audun Sandvik, m. a. alt. solo-cellist KORK, cello

Eskild Abelseth, frilans musiker, kontrabass

Gro Sandvik, tidl. solo-fløytyst Bergen Filharmoniske Orkester, treblås

Torgrim Grong, m.a. alt. solo-trombonist i Operaorkesteret, messing

Instruktørane er av det beste som er råd å få tak i av lærekrefter, både musikalsk og pedagogisk, og dei har lang og omfattande utdanning og erfaring.

Aktuelle studieemner i stikkordsform:

- Generelt om arbeid i orkester
- Generell innlæringsmetodikk

Tekniske stikkord:

Strøkarter og -konvensjonar, intonasjon, stemming og stemmingsmetodikk, ansatser, artikulasjon, tonedanning, presisjon, note- og pauseverdier, rytmiske figurar, posisjonsspeling, bogebruk, pusteteknikk, instrumentfunksjon, rør/munnstykkeproblem.

Foredragsstikkord:

Foredragsteikn, balanse, effekter, ornamentikk, tolking, dynamikk, stilarter, akkompagnement, tempi, bladspeling, lytteteknikk, demonstrasjon.

Sluttord:

Vi håpar at vi med dette og vedlagte papirer har presentert eit seriøst kurs, og at det framleis kan vere med og styrke orkesterarbeidet i Sogn og Fjordane og landet ellers. Skulle det vere naudsynt med ennå fleire opplysningar, kan De kontakte underteikna.

Oslo, den 17. februar 2016.

Jan Ola Amundsen
kursleiar/dagleg leiar i NASOL